

## **Skuleskyss skuleåret 2019-20**

Kommunestyret vedtok i sak 82/18 Økonomiplan og budsjett 2019 – 2022 i pkt 7 at skuleskyssen i Skjåk kommune skal følge lovbestemte skyssgrenser.

Dette får ikkje konsekvens for skuleskyssen våren 2019, men fyrst neste skuleår.

### **Du har rett på gratis skuleskyss dersom**

- avstanden mellom heim og skule er 2 km eller meir (1. årstrinn) eller 4 km eller meir (2.-10. årstrinn). Avstanden gjeld kortaste gangbare veg mellom heim og skule.
- du på grunn av funksjonshemming, skade eller sjukdom har behov for skyss, uavhengig av avstanden mellom heim og skule
- det er naudsynt med båt eller ferje, utan omsyn til avstanden mellom heim og skule

### **Du kan ha rett på gratis skuleskyss dersom**

- du har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, uavhengig av avstanden mellom heim og skule – ta kontakt med kommunen

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skuleskyss utan omsyn til avstand mellom heim og skule. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg vert vurdert med omsyn til trafikktilhøve og klima. Vurderinga må sjåast saman med den enkelte elev sin alder og modnad. Omgrepet «særleg farleg eller vanskeleg» inneber at faren ved å ferdast på denne vegen er utanom det vanlege.

Dersom avstanden er under skyssgrensa er det kommunen som fattar vedtak og har det praktiske og økonomiske ansvaret.

Søknadsskjema om skuleskyss ved farleg skuleveg skal sendast Skjåk kommune.

Viser til [reglar for skuleskyss Opplandstrafikk](#).